

Saksnr
9/19

Utval
NMK - Komité for næring, miljø og kultur

Møtedato
10.04.2019

OPPSTART AV KOMMUNEDELPLANARBEID OG OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAMOPPSTART AV KOMMUNEPLANARBEID OG OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAM

Framlegg til vedtak:

1. Komité for næring, miljø og kultur vedtek oppstart av arbeid med kommunedelplan for kulturminne, i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.
2. Komiteen vedtek å senda framlegg til planprogram til offentlig ettersyn og høyring, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §4-1.

Saksprotokoll i NMK - Komité for næring, miljø og kultur - 10.04.2019

Vedtak

1. Komité for næring, miljø og kultur vedtek oppstart av arbeid med kommunedelplan for kulturminne, i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.
2. Komiteen vedtek å senda framlegg til planprogram til offentlig ettersyn og høyring, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §4-1.

Handsaming

Samrøystes vedteke

* * *

Dokumentliste

X	18.03.2019	Forslag til planprogram
S	18.03.2019	Oppstart av kommunedelplanarbeid og offentlig ettersyn av planprogram

Vedlegg:

1 Forslag til planprogram

Innleiing

Stord kommune var mellom dei fyrste i landet til å få bygningsvernplan, då den vart vedteken allereie i 1991. Revidert og utvida utgåva vart vedteken i kommunestyret i 2009, i lag med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.

Begge desse planane er no forelda, og det er trong for revidering og oppdatering. Dette vart også vedteke i samband med planstrategien (2016).

Saksutgreiing

Hovudføremålet med planarbeidet er å gje kommunen eit godt, oppdatert styringsdokument. Planen skal gje føreseielege råmer for forvaltning av lokale kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Revisjon av kommunedelplanen skal bidra til systematisk oppdatering, oppfølging og formidling av kulturminna.

Det skal utarbeidast forvaltningsplan, forankra i plan- og bygningslova, med ein handlingsdel som framhevar tiltak med prioriterte kulturminne. Handlingsplanen må følgast opp og reviderast annakvart år.

Den nye, reviderte kommunedelplanen for kulturminne skal erstatte kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø og plan for bygningsvern frå 2009.

Planen skal utarbeidast av kommunen ved eining for kulturtenester i samarbeid med ei prosjektgruppe der representantar frå Stord sogelag, Sunnhordland museum, Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor, Stord kommune si eining for regulering, byggesak og oppmåling og eining for kulturtenester er med.

Det er ynskjeleg å etablere ei referansegruppe med representantar frå Hordaland fylkeskommune, arkeolog, sogelag og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

Undervegs i planarbeidet skal det leggjast til rette for aktivitetar som kan skape interesse og engasjement. Det vert halde folkemøte og andre møtestadar for å sikra best mogeleg medverknad og kjennskap til planarbeidet. I tillegg vil det verta invitert til møte med eigarar av kulturminne.

I dag er bygningsvernplanen ein eigen utskild del av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Det er formålstenleg å la bygningsvern vere integrert i den nye planen.

Når ein foreslår å endre namnet frå «kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø» til «kommunedelplan for kulturminne» er det eit språkleg val. Omgrepet kulturminne famnar breitt, og kulturmiljø og bygningsvern går inn under dette. Det vert ei meir presis, og open, nemning.

Forslag til planprogram som skildrar planprosessen, j.f. plan og bygningslova § 4-1 andre ledd, skal sendast på høyring og leggjast ut til offentlig ettersyn samstundes med varsling av planoppstart.

Etter høyring og offentlig ettersyn skal endeleg planprogram fastsetjast av Komité for næring, miljø og kultur og det fastsette planprogrammet skal danna grunnlaget og rammene for det vidare arbeidet med planen.

Vurdering

For samfunnet vil ein revidert kulturminneplan vera nyttig i form av å ha ein oppdatert oversikt over det Stord har av kulturminne.

Dette skal aktualisera grunnlaget for å formidla, og ta i bruk desse verdiane og denne kulturarva. Både barnehagar, skular, lokale lag og næringsliv kan dra nytte av dette.

For den einskilde eigar av kulturminne skal denne planen gje ei oversikt over kva bevaringsordningar som finst og kvar ein kan få tilgang på midlar, stønadsordningar, for å ta vare på kulturminna.

For kommunen skal planen vere eit nyttig verkty for å vurdere verdien av ulike kulturminne i samband med til dømes planarbeid og byggesakshandsaming, slik at viktige kulturminne kan ivaretakast.

Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren vil ha nytte av arbeidet som vert gjort med lokale kulturminneplanar, då dette vil danne grunnlaget for vern av kulturminne med nasjonal og regional verdi etter kulturminnelova.

Økonomiske konsekvensar

Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune har begge løyvd kr 100.000,- til planarbeidet. I tråd med planstrategien for Stord kommune, vedteken i 2016, er det i budsjettet for 2019 løyvd kr 100.000,- til revisjon av kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø og bygningsvernplanen.

Konklusjon

Rådmannen rår til at komité for næring, miljø og kultur vedtek å melda oppstart av arbeidet med kommunedelplan for kulturminne og å senda forslag til planprogram på høyring og leggja det ut til offentleg ettersyn.

Plan for gjennomføring

Fasar i planarbeidet	Framdrift
Vedtak om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av framlegg til planprogram (NMK)	April 2019
Offentlig ettersyn av framlegg til planprogram	April – Juni 2019
Vedtak av planprogram (NMK)	September 2019
Utarbeiding av framlegg til revidert kommunedelplan for kulturminne: -Innbyggarmedverknad -Folkemøter -Registrering og strukturering -Utarbeiding av kart, handlingsplan og plandokument	Hausten 2019 - våren 2020 Registreringsarbeidet vil byrje parallelt med handsaminga av planprogrammet
Vedtak om offentlig ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kulturminne (NMK)	Våren 2020
Offentlig ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kulturminne	Våren 2020
Vedtak av kommunedelplan for kulturminne (Kommunestyret)	Hausten 2020